

## Karusellrenn i strålende ver.

01.02.2015



Småjentene klar til start.

**Det andre rennet i lagrennskarusellen vart i dag arrangert i Fjellhaugen Skisenter i strålende ver med gode føreforhold. Det var Omvikdalen idrettslag som var arrangør, og fellesstart stod på programmet. Som vanleg var Uskedalen godt representert på deltakarlista.**

Før konkurranseklassane starta var det barneskirenn. Der er det inga tidtaking, og alle kan delta når dei er så store at dei kan ha ski på beina. Foreldra kan naturleg nok hjelpa løparane rundt i den greie og godt tilpassa løypa. For desse unge løparane er det ekstra stas å få medaljen rundt halsen ved målgang. Leiaren i skigruppa, Knut Johannes Ripel, seier at det var svært gledeleg at det var fleire frå Uskedalen som deltok i barneskirenn denne gongen enn sist det var renn.



Thea S. Taranger på oppløpet.

I konkurranseklassane var det fellesstart. Dei yngste gjekk i friteknikk, medan dei over 13 år gjekk duathlon. Det vil seia at dei gjekk første del i klassisk stil og andre halvdel i fristil. Dei som ønskte det, kunne byta til skøyteski midtvegs.

Til saman var det 31 løparar frå Uskedalen som deltok. Ein av dei var Ingebjørg Haugland som no er busett i Oslo og studerer ved idrettshøgskulen.

- Det er svært kjekt at Ingebjørg deltek når ho er heime, og det er god inspirasjon for dei andre løparane, seier skigruppeleiar Ripel.

Han seier vidare at Omvikedalen arrangerte eit flott renn i eit nydeleg ver. Det var kaldt, og det gjorde at det var lett å smørja. Det var masse folk som kosa seg i fjellet i dag.



Ingebjørg Haugland og Kari Bråtun i godt driv.

Fullstendig resultat liste finn de på [Uskedal idrettslag si heimeside](#) . Klick dåke inn på den. Der er det også fleire bilete frå rennet.



Skibyte.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel